



Referat frå elevrådsmøte VII, fredag 12.desember

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

Vara 5A: Aksel

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Vara 5B: Jakob

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Vara 6A: Mohammed

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Vara 6B: Eirik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Vara 7A: Andrina

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

Vara 7B: Runa

Sak 1: Påminning om sak frå FAU

Elevrådsleiar minna representantane om at elevrådet ynskjer tilbakemelding frå klassane om saka «Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule». Viktig med konkrete tilbakemeldingar frå klassane. Eit pluss/delta skjema kan nyttast. Om ein ynskjer at noko skal endrast må klassane komme med forslag til dette.

Elevrådet vil jobbe vidare med denne saka etter jul.

Dokumenta til FAU «Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule» ligg lenkja opp her:

- ✓ [Kortversjon.](#)
- ✓ [Fullversjon.](#)

Sak 2: Garderobane 5-7

Det ligg i periodar mykje klede på golv og vinduskarm. Elevrådet kom med innspel til kva ein kan gjere for å halde garderobane meir ryddige:

- bli flinkare til å bruke skapa sine
- hjelpe kvarandre
- ta med gymposar, vottar, hue heim
- før helg må elevane ta med heim det som ikkje er tatt med heim i veka
- ha ein ordenselev i kvar klasse som har garderobeansvar
- før alle feriar skal alle elevane tømme garderobane,-berre innesko kan stå att.
- vaksne må ta større ansvar
- på slutten av dagen kan vaksne gå over garderoben og legge det som er på golvet i ein boks

Sak 3: Større utval av produkt på Skolelyst.no

Laila las opp tilbakemeldinga frå rektor. Etter jul skal elevrådet legge ein plan for å få til eit samarbeid med kantina.



Sak 4: Saker frå klassane

Klassane hadde ikkje saker frå klassen .

Beste helsing

Olav

Referent

Lukas

Elevrådsleiar 5-7

Laila

Elevrådskontakt 5-7